



## Konkurransse Anbod 2016 - Helsevikarar

### Vedlegg 2 – Kravspesifikasjon – tilbodsmal

Bruk tab for å flytte frå felt til felt.

Bedriftsnamn:			
Org. nummer:			
Ansvarlig for tilbodet:		Tlf:	
E-post:		Mobil	
Postadresse:			
Web-adresse			
Vi aksepterer at vårt tilbod er bindande og har ein vedståingsfrist tre månader etter tilbodsfristen.			
Dato:		Signatur:	

**Tilbodet skal følgje same strukturen som dette dokumentet. Kvant kapittel skal kommenterast i tabellboksar eller skjemafelt som oppdragsgjevar har satt inn i denne tilbodsmalen.**

**Det skal leverast 1 stk original av tilbodet. I tillegg skal det leverast 1 sett av det originale tilbodet og 1 sett av tilbodet sladda for drifts- og forretningsløyndomar på minnepenn.**

**HUSK å signere tilbodet.**

## Innhold

Innhold .....	2
Ordforklaringar .....	3
Kravtypar .....	3
Svarkodar .....	3
Korleis fyller ut tilbodsmalen .....	3
1. Kvalifikasjonskrav, jamfør konkurransegrunnlag punkt 3.6, andre underpunkt .....	4
2. Minstekrav til leveransen - arbeidsgjevaransvar .....	5
3. Minimumskrav – Kvalitetssikring av vikar før tiltredelse .....	6
4. Minimumskrav – bestilling og bestillingsrutinar .....	6
5. Tildelingskriterium: Pris – 100% .....	7
6. Avtalevilkår og atterhald .....	7

## Ordforklaringar

Fyll ut tome celler med eigne omgrep, om det er behov for det.

Forkorting /Omgrep	Forklaring

## Kravtypar

Type	Tyding	Skildring
A	Absolutt krav	Leverandør må oppfylle alt. Dersom tilbydar svarar nei, vil tilbodet bli avvist.
E	Absolutt krav med evaluering	Eit absolutt krav, men merknader vil bli evaluert som del av tildelingskriteria. Merknadsfeltet må fyllast ut, om ikkje vil tilbodet bli avvist.
B	Bør krav	Det er eit ynskje om at leverandør kan levere dette. Leverandør må skildre løysinga i kommentarfeltet. Manglande svar gir 0 (null) poeng.

## Svarkodar

Kode	Tyding	Skildring
J	Ja	Krav er innfridd og inkludert i prisen
N	Nei	Kravet er ikkje dekkja
D	Delvis	Kravet er delvis dekkja, og det må spesifiserast kva som vert levert og kva som ikkje vert levert.
K	Særskilt kostnadsdrivande	Kravet vert oppfylt, men er spesielt kostnadsdrivande for prisen. Dersom fleire krav vert dekkja av same komponent må dette komme fram klart og tydeleg.

## Korleis fyller ut tilbodsmalen

Fyll ut kolonnen for svar/kode med svarkodane gitt over. Vi gjer merksam på at viss eit krav er merka med A, må tilbydar svare med kode J for Ja. I kommentarfeltet er det mogleg for tilbydar å skildre korleis kravet blir oppfylt. Dersom tilbydar finn det meir hensiktsmessig å svare på kravet i eige vedlegg, vis da til kva vedlegg i kolonnen for kommentar. Vedlegga skal følgje same inndeling/nummerering som i dette dokumentet.

I kolonnen Dok.krav (=dokumentasjonskrav) står det om det er krav om at tilbydar dokumenterer at kravet er stetta anten ved dokumentasjon på korleis dette blir gjort eller med døme på korleis det blir gjort.

## 1. Kvalifikasjonskrav, jamfør konkurransegrunnlag punkt 3.6, andre underpunkt

Krav			Svar		
Nr	Type	Skildring	Dok. krav	Kode	Kommentar, evtnt ref til vedlegg
1.	A	Leverandør skal gi ei generell utgreiing om kvalitetssikringssystem og rutinar for kvalitetsstyring, kvalitetssikring, ressursstyring og leiinga sitt ansvar.  Dersom leverandøren er sertifisert etter ISO 9001 eller tilsvarende kvalitetssikringssertifisering, er det tilstrekkeleg å legge ved kopi av gyldig sertifikat.	Ja		
2.	A	Leverandør skal ha et kvalitetssikringssystem for oppfølging av vikaren sin arbeids- og kviletid. Leverandør er ansvarlig ovanfor oppdragsgjevar at kvar enkelt vikar ikkje samla vert disponert i strid med arbeidsmiljølovens arbeidstidsbestemmelser. Evt. overtid skal informerast om, og førehandsgodkjennast av bestillar.	Ja		
3.	A	Leverandøren skal ha eit kvalitetssikringssystem som sikrar korrekt ansiennitetsberekning av vikar. Ansiennitetsberekning skal gjerast mot gyldig dokumentasjon.	Ja		
4.	A	Leverandør skal ha eit kvalitetssikringssystem for kontroll av autorisasjon for alle stillingstypar som krev dette. Kontrollen skal vere for alle som vert tilsett/formidla første gang, og deretter skal autorisasjon kontrollerast jamnleg/minst kvart halvår. Leverandør skal også kontrollere med Helsetilsynet og tilsvarende etatar i andre land for å finne ut om det er pågåande eller avsluttande klagesaker på den enkelte kandidat.	Ja		
5.	A	Leverandør skal ha eit kvalitetssikringssystem for kontroll av politiattest for alle stillingstyper, jamfør nye krav frå 01.01.2017 i Helse- og omsorgstjenesteloven, §5.4. Oppdragsgjevar kan når som helst krevje å frå framlagt politiattest for alle aktuelle vikarar. Dersom politiattesten er på eit anna språk enn norsk, må godkjent omsetting ligge føre.	Ja		
6.	A	Leverandør skal ha eit kvalitetssikringssystem som sikrar at vikarar har norskkunnskapar i samsvar med tenesta dei skal utføre. Vikarar frå land utanom Skandinavia skal ha bestått språktest: Sjukepleiarar/spesialsjukepleiarar skal ha bestått B2 språktest eller tilsvarende. Dersom leverandør brukar anna språktest enn B2, må leverandør leggje fram dokumentasjon på at denne er like bra eller betre. Leverandør dekke nødvendig kurs i norsk, samt nødvendig test i norsk for vikar. Leverandør som har slike tilsette vikarar skal ha med desse bestemmelsane i arbeidsavtalane (sjå krav	Ja		

		til arbeidsavtale ovanfor).			
7.	A	Oppdragsgjevar har rett til å be om at tilbydar på førespurnad dokumentere og/eller gir innsyn i lønns- og arbeidsvilkår til sine tilsette vikarar. Oppdragsgjevar har rett til å be om at tilbydar på førespurnad dokumentere og/eller gir ein gjennomgang av sine kvalitetssikringssystem som garanterer at leveransen av vikar er i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.			

## 2. Minstekrav til leveransen - arbeidsgjevaransvar

Krav			Svar		
Nr	Type	Skildring	Dok. krav	Kode	Kommentar, evt ref til vedlegg
1.	A	Leverandør sitt arbeidsgjevaransvar tydar mellom anna å ha arbeidsavtalar i samsvar med arbeidsmiljøloven § 14-6. Leverandør skal på førespurnad gi innsyn i arbeidsavtalane. Leverandørar som har arbeidsavtalar på anna språk enn norsk, skal ved innsyn gi innsyn i statsautorisert oversett arbeidskontrakt på norsk.	Ja		
2.	A	Leverandør er ansvarlig for at leveransen av vikar er i samsvar med dei til ein kvar tid gjeldande lover og forskrifter.			
3.	A	Leverandør kan ikkje bruke underleverandør. Vikaren skal vere direkte tilsett i tilbydar sitt føretak.			
4.	A	Leverandør kan ikkje krevje «økonomisk vederlag»/ «arbeidsformidlingsgebyr» eller økonomisk kompensasjon dersom vikarar vel å slutte hjå leverandør etter ein ordinær søknadsprosess med utlysning av stilling og tilsetjing hjå oppdragsgjevar. Oppdragsgjevar skal på si side ikkje aktivt forsøke å rekruttere vikarar som er leigde inn.			
5.	A	Leverandørar som har tilsette vikarar som bur utanfor heimen når dei er på vikaroppdrag skal dekke reiseutgifter ved vikaroppdragets byrjing og slutt, samt losji for vikar under vikaroppdraget. Oppdragsgjevar kan hjelpe med å formidle kontakt med aktuelle utleigarar.			
6.	A	Leverandør kan berre trekkje vikaren i lønn for skatt, fagforeiningskontingent og pensjon. Dersom leverandøren ønskjer å avtala andre trekk i lønn, må dette godkjennast av oppdragsgivar på førehand, slik at eventuelle trekk blir i samsvar med det oppdragsgivar praktiserer for egne tilsette.			

### 3. Minimumskrav – Kvalitetssikring av vikar før tiltredelse

Krav				Svar	
Nr	Type	Skildring	Dok. krav	Kode	Kommentar, evt ref til vedlegg
1.	A	Før vikar vert leigd inn pliktat leverandør å påsjå at teiepliktskråring for relevant kommune er signert og levert.			
2.	A	Før vikar vert leigd inn pliktat leverandør å påsjå at vikar har lest - og eventuelt signert - relevant dokumentasjon gjeldane for den aktuelle kommune.			
3.	A	Leverandør er ansvarleg for at vikar skal kunne identifisere seg. Dersom stillinga krev det vil oppdragsgjevar gi identifikasjonspapira til vikar.			
4.	A	Som hovudregel vil oppdragsgjevar gjennomføre opplæring med vikaren i opptil to vaktar. Dette skal dekkast av leverandør.			
5.	A	Før stillingar som krev det skal leverandør gi nødvendig opplæring til vikar i brannsikring.			
6.	A	Dersom ein vikar ikkje fungerer i stillinga, pliktat oppdragsgjevar å melde frå til leverandør. Leverandør skal følgje opp oppdragsgjevar si tilbakemelding om arbeidstakarar som ikkje fungerer. Dersom leverandør ikkje kan skaffe vikar som fungerer i stillinga, kan oppdragsgjevar forespørje vikar frå ein annan avtaleleverandør.			

### 4. Minimumskrav – bestilling og bestillingsrutinar

Krav				Svar	
Nr	Type	Skildring	Dok. krav	Kode	Kommentar, evt ref til vedlegg
1.	A	Krav til levering gjelder oppdrag med omfang på ei vakt. Leverandør skal så langt det er mogeleg vere fleksibel når det gjelder eventuelle oppdrag under ei vakt.			
2.	A	Leverandør skal ha rutinar for oppdragshandtering som sikrar at leveransen av vikar er i samsvar med bestilling frå oppdragsgjevar. Utsifting av vikarar kan ikkje føretakast utan bestiller si skriftlige førehandssamtykke.	Ja		
3.	A	Oppdragsgjevar kan krevje at leverandør skal dekke kostnad dersom leverandør ikkje skaffar vikar i samsvar til bekrefte bestilling. Dette gjelder også dersom vikar ikkje møter til avtalt vakt. Dette utgjær 2000 kr per påbegynte døgn med avtalt arbeidstid. Øvre grense sett til 10 000 kr per tilfelle.			
4.	A	Oppdragsgjevar kan avbestille bekrefte bestilling innan to veker før oppdraget tek til.			
5.	A	Bestilling: <ul style="list-style-type: none"> <li>• bestillingar skal ikkje skje via telefon, men på e-post/sms</li> <li>• e-post/sms skal innehalde stillingskategori for ønska vikar, tidspunkt for vakta, samt svarfrist til</li> </ul>			

		<p>leverandør for å svare på sms/e-post. Svarfristen vil kunne variere frå førespurnad til førespurnad, alt etter kor mykje det hastar.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• ved særlege tilfelle kan oppdragsgevar førespørje alle avtaleleverandørane samtidig, for å sikre tilgangen til vikarar. Tildeling vil likevel skje etter tildelingskriterier gitt i avtalen.</li> <li>• leverandøren svarer med cv for aktuell kandidat.</li> <li>• bestillar vil gjere ei vurdering av at vikar og responstid er i samsvar med bestilling.</li> <li>• leverandør bekreftar bestilling skriftlig.</li> <li>• stadfestinga skal innehalde informasjon om vikar, samt alle vilkår for oppdraget.</li> <li>• dersom leverandør ikkje kan skaffe vikar med naudsynt kompetanse og som er godkjent av bestillar, kan bestillar spørje neste avtaleleverandør på lista.</li> </ul>			
--	--	---	--	--	--

## 5. Tildelingskriterium: Pris – 100%

Krav			Svar		
Nr	Type	Skildring	Dok. krav	Kode	Kommentar, evt ref til vedlegg
1.	E	<p>Administrativt timegebyr for alle leverte timar uavhengig av fagutdanning. Gebyret kjem i tillegg til timelønn etter HTA og sosiale utgifter (timelønn med sosiale utgifter = timelønn HTA x 1,3). Gi opp administrativt timegebyr i NOK eks mva.</p> <p>Nokre av kommunane lønner ut over HTA. I desse tilfella vil lokal tariff, inkludert eventuell spesiell ansiennitetsberekning, bli lagt til grunn for lønnsberekning. For samanlikninga si del, vil likevel HTA bli brukt som grunnlag for evalueringa.</p>			

## 6. Avtalevilkår og atterhald

Krav			Svar	
Nr	Type	Skildring	Kode	Kommentar, evt ref til vedlegg
2.		Tilbydar må stadfeste at han godtar avtalevilkåra, sjå vedlegg 5. Avtalevilkåra slik dei ligg føre vil bli komplettert med innhald frå konkurransegrunnlag, dette dokumentet, og eventuelt tilbodet. Dersom tilbydar har merknader og/eller atterhald, må dette kome klart og tydeleg fram her.		
3.		Tilbydar vert bede om å gjere kjent eventuelle atterhald mo konkurransegrunnlaget eller kravspesifikasjon. Leverandøren må skildre kva konsekvensar atterhalda får, og prisfeste konsekvensane.		